



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1168-35

Sakshandsamar: Hilde Øyane

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsrådet		

Oppstart valprosess for nytt ungdomsråd 2025-27

Saksframlegg godkjent .

Bakgrunn for saka

Faste medlem i ungdomsråd blir valt for to år om gangen. Ann Hege, Emma og Julie er no på val. Rekrutteringsprosessen i fjor fungerte godt og det var mange som melde sin interesse.

Saksutgreiing

Nominasjon(utdrag retningslinene)

- ✓ Tokke ungdomsråd tek kontakt med elevråda som arrangerer val i klassene eller ber kandidatar melde seg. Elevrådet går sjølv inn for ein eller fleire representantar for skulen. Alle skulane i kommunen må vere representert.
- ✓ Ungdomsrådet må jobbe aktivt for å få ei jamn fordeling av kvart kjønn.
- ✓ Ungdomsrådet pliktar seg til å gjennomføre ny nominasjon til representantar før skuleslutt.

Konklusjon

Representantar for ungdomsrådet skal i løpet av våren gå inn i klassene og informere om rådsarbeid og rekruttere nye medlem.

- Dei som er aktuelle og interesserte melder seg ungdomsrådsmedlemma på skulen.
- Dei som er interessert får moglegheit til å presentere seg og fortelje kvifor dei ynskjer å bli ein del av ungdomsrådet. Dette gjer dei skriftleg, noko som fungerte bra i fjor.
- Val av tre nye tre nye representantar før skje i mai/juni før elevane går vidare til nytt skuleår.

Tokke skule: Åni, Emma , Ingeborg tek ansvar her

Høydalsmo skule: Ann Hege, Martin, Kristin tek ansvar her

Vest-Telemark vgs: Olav, Per Gjermund, Julie Konstanse tek ansvar her

Det er ein fordel om td. elevrådsleiar også sit i ungdomsråd. Det er ikkje eit krav, men ein fordel. Avtal eit besøk i klassene (neste års 8.kl, 9.kl,10.kl) med kontaktlærar.

Kommunedirektørens tilråding

Kommunedirektør tek informasjonen til orientering.